



postmottak@vik.kommune.no

Saksnr. 22/320

Førde, 25.04.2022

Dette brevet er sendt av Forum for natur og friluftsliv (FNF) på vegne av sine tilslutta organisasjonar, DNT Sogn og Fjordane Turlag, Fjordane Friluftsråd, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Fortidsminneforeningen avd. Sogn og Fjordane, Gloppen Padleklubb, Klatreklubbane ved Sogndal klatreklubb, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane krets av Norges Speiderforbund, Sogndal dykkarklubb, Sognefjorden Vel

Innspeil til planprogram for klimaplan for Vik kommune 2023-2030

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Det er veldig viktig og bra at Vik Kommune anerkjenner at å ta del i det grønne skifte og bli ein berekraftig kommune har potensiale for verdiskaping, næringsutvikling og betre folkehelse. Det er eit godt utgangspunkt for arbeidet med ny klimaplan for kommunen dei neste 7 åra.

Det er også bra at Vik kommune tek for seg fleire berekraftsmål, og ser samanhengen mellom dei. Utfordringa vil ligge i å nå alle mål og at ingen mål blir møtt på bekostning av andre.

Sidan klimaplanen skal vere eit strategisk styringsdokument for Vik kommune, og skal bidra til at kommunen når sine klima- og berekraftsmål i tråd med Internasjonale forpliktelser, nasjonale, regionale og kommunale føringer, er det spesielt viktig at planen baserer seg på gode datagrunnlag og at konkrete tiltak baserer seg på grundig kunnskap om kommunen sine direkte og indirekte utslepp. I tillegg vil det vere nødvendig med eit godt kontrollorgan for å følgje opp planen for reduksjon av direkte og indirekte klimagass utslepp. Ein bør kunne følgje opp kva mål som blir nådd og korleis og halde seg oppdatert på dei områda som blir utfordrande.

Arealforvaltning

Vi står ovanfor ei naturkrise, i tillegg til klimautfordringar, og vi vil framheve at arealforvaltning er helt sentralt i arbeidet med å nå gjeldande klimamål. Natur har eigenverdi, og naturen gir oss ekstremt mange goder i form av økosystemtenester som vi treng og nyttar oss av. Vi vil derfor anbefale å skaffe seg grundig kunnskap om naturarealet i kommunen og kartlegge kvar viktige



naturverdiar finst, i kva grad dei finst, og korleis ein skal bruke og ta vare på desse. FN sitt berekraftsmål no. *15 Livet på land* bør ikkje ofrast for å nå bærekraftsmålet for *Rein energi til alle* eller *Berekraftige byar*. Økosystemtenester, som er alle gode og tenester vi får frå naturen, bidrar til å dekke mange av menneskets grunnleggande behov, gir oss tilgang til mat og ressursar vi er avhengige av, samt har funksjonar vi bør ta meir til følge når vi bygger ut¹.

FNF foreslår at ein skaffar konkret kunnskap om areal i kommunen gjennom kartlegging av naturtypar, biologisk mangfald og kva naturlege og samfunnsnyttige funksjonar naturen har.

Klimatilpassing

Klimaendringar kjem som ein konsekvens av klimagassutslepp, og det varmar kloden vår. Ein konsekvens av dette vil vere at ein opplever auka temperaturar og blant anna auka nedbør.

Kva konkrete tiltak planlegg kommunen å ta for å oppfylle « 13.1) Styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farar og naturkatastrofar... 13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrkje utdanninga og bevisstgjeringa om dette » ?

I tillegg til å ha som mål å kutte klimagassutslepp er eit av utfordringane å tilpasse seg dei klimaendringane vi allereie ser. Risiko for auka nedbør som igjen vil auke risiko for flaum i elver og vassdrag og større fare for jord- og snøskred i framtida, må tas med som klimakonsekvensar og korleis ein skal møte desse.

FNF foreslår følgjande konkrete tiltak som eksempel på måtar ein kan fremje effektiv energibruk i framtida:

- Nedgang i cruisetrafikk bidrog til stor nedgang i direkte utslepp i kommunen mellom 2019-200. ref. Planprogram s. 8. Ein bør vurdere om å regulere cruisetrafikken er ei konkret løysing på direkte klimagassutslepp.
- Offentlege bygg og private heimar bør motiverast til å etablere grøne, miljøvennlege løysingar, mtp på forbruk, mat, bolig og bil m.m, ref planprogram s. 8. Dette vil i tillegg komme husstandar og folkehelsa til gode.
- For å motivere folk til å bruke bilen mindre, er det viktig med offentleg transport og sti- og sykkelveggar som kan brukast av mange, så viktig med gode tilbod for sykkelsti langs hovudfartsårer.

Konklusjon

Planen gir mange gode mål og delmål. Ein har eit grundig bakgrunn for å lage ein god klimaplan for Vik kommune. Utfordringa vil bli korleis kommunen konkret ser for seg å jobbe mot å møte desse måla – kommuneplanen bør innehalde releavnt kunnskap og eit grundig datagrunnlag som ein kan basere konkrete tiltak på. I tillegg må planen innehalde metodar for kvalitetssikring, for framgang og måloppnåing av klimaplanen.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

1 <https://www.dn.no/forskningviser-at-/natur/klima-og-miljo/fns-klimapanel/innlegg-vi-ma-ta-naturens-reelle-verdi-inn-i-beregningene/2-1-1205248?fbclid=IwAR1KWF5ldXdZEuDgznA19I5pJae4hd16HhZR8JYYC-HdEO-n2DhV-OW8paM>